

# Bakteriologisk dyrking, aerob

## Analysemetode

Bakteriologisk dyrking, aerob

## Indikasjon

Klinisk mistanke om bakteriell infeksjon

## Prøvetaking

Prøva må takast så aseptisk som mogleg og slik at:

- det ikkje kjem til nokon ureiningar med uvedkomande mikrober (først og fremst frå pasienten sin eigen hud og slimhinner) som kan medføre feilslutningar med omsyn til årsaksforholdet
- det ikkje skjer noko desimering av det eventuelle etiologiske agens, t.d. pga desinfeksjonsmiddel eller andre kjemiske stoff. Alle instrument, prøveglas og anna materiale som brukast under prøvetakinga må vere reine og sterile.

## Prøvetakingsutstyr

Vanleg bakteriologisk transportmedium (t.d. Amies medium)



## Oppbevaring/transport

Vanleg dyrking: I kjøleskap

## Haldbarheit

Vanleg dyrking: 3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar ut frå materiale og funn.

## Vurdering i laboratoriet

### Forventa analysetid

2 dagar.

## Feilkjelder

- Bakteriell kontaminasjon av prøvematerialet med uvedkomande mikrobar kan gje falskt positivt resultat.
- Påverknad av desinfeksjonsmiddel eller kjemiske stoff kan gje falskt negativt resultat.
- Lang transporttid til laboratoriet kan føre til falskt negativt resultat.

**Utførast av**

Bakteriologisk seksjon

**Fagområde**

Bakteriologi

**Rekvisisjonsskjema**

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

**Medisinsk fagleg ansvarleg**

Reidar Hjetland

**Sist oppdatert**

11.10.2016 Gro Øren